



Time KrF • Kommunevalget 2019

# Best mogleg kvardag for Timebuen

Samen for eit varmare lokalsamfunn

INFORMASJON



# Sverre Risa

## 1. KANDIDAT OG ORDFØRERKANDIDAT FOR TIME KRf

Alder: 65 år    Yrke: **Bonde/varaordfører**    Bustad: Lye

### Kjære Timebu

Med slagordet «saman for eit varmare lokalsamfunn», vil KrF kjempa for retten til liv og eit samfunn med plass for alle. KrF er eit parti for deg som meiner at dei kristne verdiane må styrkjast. Førebygging er eit av dei viktigaste elementa i vår politikk. Difor vil me arbeida for at frivillige lag og organisasjonar, i større grad enn i dag kan ta del i det samfunnsbyggjande arbeidet i kommunen.

KrF har representantar som er villege å gjera ein innsats om du som veljar gjev oss tillit.

Godt val!

**VALG 2019**



## Unni Sirevåg Lende

### 2. KANDIDAT

Leiar av utval for levekår  
Bustad: Kvernaland

#### Ein oppvekst fri for vald

Alle barn og unge i Time skal ha ein trygg oppvekst utan mobbing og vold. Eg vil leggja tilrette for gode livsvilkår heile livet.

Eldre skal kunna bu lengre heime ved å styrke kvardagsrehabilitering, hjelp i heimen og ved innovative IKT løysingar.

---

## Anders Undheim

### 3. KANDIDAT

Medlem av utval for levekår  
Bustad: Lye



#### Kristne grunnverdiar og trygg start i livet

Dei kristne verdiane er grunnpilarar i samfunnet vårt. Eg ynskjer utbygging av gang- og sykkelstigar der barn og ungdom ikkje har rett på skuleskyss, og meir yrkesretta praktisk opplæring på ungdomstrinna.

Kontantstøtte skal sikre valfridom for småbarnsfamiliar. Hovedområdet for bustadutbygging bør vera på Lye.



## Bjørghild Underhaug

### 4. KANDIDAT

Medlem av utval for lokal utvikling  
Bustad: Bryne

#### Vi bygger Familiens Hus

Eg vil samla dei kommunale hjelpetenestene til barn og unge under same tak – i eit Familiens Hus. Det skal vera ei dør inn til lågterskel, tverrfaglig og god hjelp.

Rett hjelp tidlig kan førebyggja psykiske vanskar og «drop out» i skulen.



## Kristin Lende

### 5. KANDIDAT

Ungdomskandidat

Bustad: Bryne

#### Menneskeverd og forvaltaransvar

Gud skapte menneske med lik verdi. Menneske med ulike kvalitetar og erfaringar er uunnverlege. Me skal skapa gode kår for primærnæringane

og verna dyrkbar jord, og slik bevare arbeidsplassar. Kontantstøtte, private skular og private barnehagar sikrar valfridom for familiane.

---

## Irene Paulsen Salte

### 6. KANDIDAT

Bustad: Bryne



#### Folkehelse i eit vidt perspektiv

Kultur, idrett og friluftsliv bidrar til god folkehelse. Eg vil arbeida for at frivillige lag og foreningar skal ha gode aktivitetsvilkår. Nybygg, og renovering

av eksisterande bygg eigd av frivillige organisasjonar, kan prioriterast saman med anlegg innan idrett- og friluftsliv.



## Kjetil Hustoft

### 7. KANDIDAT

Leiar i Time KrF

Bosted: Hognestad

#### Utvikla kommunal praktisk hjelp for familiar i akutt krise

Eg vil utreda praktisk hjelpeteneste i heimen for barnefamiliar med akutt behov for praktisk hjelp. Dette kan etablerast gjennom samarbeid med frivillige organisasjonar.

Personar med rus og psykiske lidingar skal ha tilbod om gode bufellesskap med kommunal oppfølging, og moglegheiter for praktisk arbeidstrening.



## Difor bør du røysta KrF

### Ja til livet – heile livet

Alle menneske har uendeleg verdi frå unnfangelse til naturleg død. Derfor seier vi ja til betre hjelp og støtte for gravide. Vi seier ja til betre omsorg og lindring siste fase av livet og nei til aktiv dødshjelp.

### Me heier på frivilligheten

Nybygg og renovering av eksisterande bygg, eigd av frivillige organisasjonar

Anlegg innan idrett- og friluftsliv

Tiltak for auka friluftsliv

### Ein skule der alle blir sett

Sikra gratis kjernetid i barnehage for familiar med låg inntekt

Støtta friskular i kommunen for å sikra valfridom for elevar og foreldre

Arbeida for å etablera eit tverr-etatleg, ambulant team med fokus på tidlig innsats/ førebygging av skulevegtring og "drop-out" frå skulen

Prøva ut tilbod om skulelunsj til sjølvkost

### Helsetenestetilbud

Nytta ideelle organisasjonar sine behandlingstilbod som alternativ til offentlege tilbod

Ha eit godt ettervern med samla tilbod i kommunen

### Miljø og trivsel

Vidare utbygging av gang- og sykkelstiar

Prioritera gang og sykkelsti Hognestad - Torland bru og fylkesveg Taksdal – Undheim

Trygg sykkelparkering i Bryne sentrum

Billig parkering ved kollektive knutepunkt

**VALG 2019**



## Kvinner med tak i

Time KrF har kandidatar som vil jobba for at kommunen vår kan tilby gode vilkår for næringsverksemdar. Vi vil ha betre busstilbod mellom Bryne, Lye, Kvernaland og Undheim, og vil byggja dobbeltspor mellom Sandnes og Bryne / Egersund.

Vi vil leggja til rette for at eldre kan bu lenger heime ved å styrke kvardagsrehabilitering og hjelp i heimen, og ved bruk av velferdsteknologi slik at det er trygt å bu heime. Vi bør ha eit samarbeid om interkommunal demensomsorg, og gode lågterskel aktivitetstilbod for personar med fysiske og psykiske lidingar. Og ikkje minst; integrering av flyktingane i lokalsamfunnet vårt og i arbeidslivet er viktig for Time KrF.

## Møt våre kandidater på 8.-21. plass!



8. Grete Natalia Storm-Johansen  
Kvernaland



9. Monika Grødem Mageland  
Bryne



10. Renate Hellang Kleppa  
Kvernaland



11. Kristian Ask Hammervik  
Bryne



12. Geir Magne Karlsen  
Hognestad



13. Wenche Lillian Paulsen  
Hognestad



14. Sigurd Lende  
Bryne



15. Stein Arild Boi Pedersen  
Bryne



16. Oddvar Larsen  
Bryne



17. Arne Ove Teigen  
Lye



18. Øystein Dahlstrøm  
Lye



19. Olav Aarsland  
Kvernaland



20. Margunn Sola Auestad  
Lye



21. Odd Ove Tunheim  
Undheim



# Derfor bør du stemme på Time KrF

## **TIME KRF SINE 10 PÅ TOPP PRIORITERINGAR**

1. Sikra god bemanning ved helseinstitusjonane og leggja til rette for at eldre kan bu lenge heime
  2. Gje alt frivillig arbeid gode vilkår
3. At utbygging skal skje på areal som ikkje kan nyttast til jordbruk
  4. Støtta rusførebyggjande arbeid
5. Samlokalisera hjelpetenestene til barn, ungdom og familiar
  6. Sikra open barnehage i Bryne
  7. God rusomsorg, sikre overgangar
8. Praktisk hjelp i heimen for barnefamiliar gjennom samarbeid med frivillige
  9. Utvikle ein kommunal klimaplan med bruk av alternative energikilder til oppvarming i kommunale bygg og elbilar ved fornying av bilpark
10. Avgrensa bruk av alkohol i det offentlege rom, særleg der barn og unge oppheld seg og ikkje sal av vin i butikk eller utlevering av nettsal

Les hele vårt program på [www.krf.no/time](http://www.krf.no/time)

[www.facebook.com/timekrf](https://www.facebook.com/timekrf)